



Søren Jensen
rådmann

Dato: 10.06.2015
Vår ref.: 14/160-23/K1-144//BVG
Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no
Saksbeh. tlf.: 51 700 108
Dykkar ref.:
Att:

Melding om vedtak

Revisjon av retningslinjer for bruk av kraftfondet.

Fondsstyret behandla saka i møte den 19. mai 2015, og følgjande vedtak blei gjort:

Fondsstyre vedtar følgjande endringar i retningslinjer for bruk av kraftfondet:

- Punkt 5 – Ein gir normalt ikkje støtte til planar etter PBL med dette kan i særlege høve vurderast.
- Posten renter/avdrag i kraftfondrekneskapen vert overført til ordinært driftsrekneskap slik at kraftfondet vert styrka med om lag kr. 2 mill. årleg.
- Administrativt regelverk for støtte til landbruket vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for spreidd bustadbygging vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for støtte til utbygging av private bustadfelt vert avslutta.
- Saka vert sendt på høyring med høyringsfrist 30.juni 2015 og politisk behandling i september.
- Kommunale reguleringsplanar skal belastast det einskilde prosjekt.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

NB! Ny høyringsfrist
31. august 2015

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
014/15	Fondsstyret	19.05.2015
Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-144	Årstein Løland	14/160 - 20 15/3911

Vedlegg:	Tittel	Dok.ID
Dok.dato		
07.05.2015	Revisjon av retningslinjer for bruk av kraftfondet.	105561

Revisjon av retningslinjer for bruk av kraftfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fondsstyret vedtar følgjande endringar i retningslinjer for bruk av kraftfondet:

- Punkt 5 – støtte til enkeltbedrifter får eit tillegg om at alle søknadar skal vurderast individuelt og i forhold til behov for risikokapital.
- Posten renter/avdrag i kraftfondrekneskapen vert overført til ordinært driftsrekneskap slik at kraftfondet vert styrka med om lag kr. 2 mill. årleg.
- Administrativt regelverk for støtte til landbruket vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for spreidd bustadbygging vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for støtte til utbygging av private bustadfelt vert avslutta.
- Saka vert sendt på høyring med høyringsfrist 31.mai 2015

Behandling i Fondsstyret 19.05.2015

Fellesframlegg frå Ap/Sp til kulepunkt 1.

Pkt 5: ...Støtte til ulike former for..... frå 25 til 75 av kostnaden med planarbeidet. Går ut.

Ingeborg L. Søyland sette på vegne av Sp fram følgjande framlegg

Pkt 6: Støtte til landbruket

Støtte til infrastruktur som nå.

Støtte til driftsbygningar. Fondsstyret ber rådmannen utarbeida retningslinjer for denne

støtta jf Sirdalsmodellen.

Ordførar sette på vegne av Krf fram følgjande framlegg.

Kulepunkt 1 - Ein gir normalt ikkje støtte til planar etter PBL med dette kan i særlege høve vurderast.

Nytt kulepunkt - Fellestiltak skal behandlast i kommunestyre.

Kåre Oaland sette fram følgjande framlegg.

Forlenga høyringsfristen til 30. juni – og politisk behandling i september

Fellesframlegg.

-Kommunale reguleringsplanar skal belastast det einskilde prosjekt.

Ingeborg L. Søyland bad om subsidiær røysting over framlegga til kulepunkt 1
2 røysta for fellesframlegget frå Ap/Sp 4 røysta for framlegget frå Krf 1 røyst blei avgitt for framlegget frå rådmannen.

Ved røysting over framlegget til kulepunkt 3 – røysta 4 for framlegget frå rådmannen, 1 røysta for framlegget frå Sp.

Ved røysting over framlegget frå Krf til nytt kulepunkt – røysta 1 for framlegget (Ole Tom Guse krf) 4 røysta mot.

Ved røysting over kulepunkt 6 –blei framlegget frå Kåre Oaland samrøystes vedteke, framlegget frå rådmannen fekk 0 røyster.

Fellesframlegget til nytt kulepunkt 7 – blei samrøystes vedteke.

FON-014/15 Vedtak:

Fondsstyre vedtar følgjande endringar i retningslinjer for bruk av kraftfondet:

- Punkt 5 – Ein gir normalt ikkje støtte til planar etter PBL med dette kan i særlege høve vurderast.
- Posten renter/avdrag i kraftfondrekneskapen vert overført til ordinært driftsrekneskap slik at kraftfondet vert styrka med om lag kr. 2 mill. årleg.
- Administrativt regelverk for støtte til landbruket vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for spreidd bustadbygging vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for støtte til utbygging av private bustadfelt vert avslutta.
- Saka vert sendt på høyring med høyringsfrist 30.juni 2015 og politisk behandling i september.
- Kommunale reguleringsplanar skal belastast det einskilde prosjekt.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	19.02.2014	Årstein Løland; Svein Kjetil Rønnevik	Oppstart for revisjon av Strategisk Næringsplan, landbruksplan samt revisjon av retningslinjer for bruk av kraftfondet.
3	U	28.02.2014	Formannskapet, rådmann, styret i Forsand Næringsforening	Invitasjon til oppstartsmøte for revisjon av Strategisk næringsplan (SNP).
17	U	03.12.2014	Årstein Løland	Føringar for revisjon av retningslinjer for bruk av kraftfondet.
19	U	30.03.2015	Årstein Løland	Godkjenning av Næringsplan for Forsand kommune - 2014-2020.

Anna		
Utval	Høyring	Behandling
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

Samandrag

Fondsstyret har tidlegare vedteke at retningslinjene for bruk av kraftfondet skal reviderast. Revisjonsarbeidet skulle startast opp når revidert næringsplan var vedtatt. Forslag til reviderte retningslinjer følgjer nedanfor. Revidert forslag vert å leggja ut på høyring med kort høyringsfrist for så å verta lagt fram for endeleg godkjenning i kommunestyret i junimøtet.

Bakgrunn og formål for kraftfondet

Vasskraftkommunane i Norge kan etablere kraftfond basert på konsesjonsavgifter frå kraftproduksjonen i den enkelte kommune. Konsesjonsavgiftene er ei erstatning for dei ulemper på natur og miljø som ei kraftutbygging er omfatta med. Dei årlege konsesjonsavgiftene skal avsetjast til eit kraftfond. Avkasting frå fondet skal brukast til næringsutvikling i den enkelte kommune.

Kommunal- og regionaldepartementet har utarbeida standardvedtekter for dei kommunale kraftfonda. To forhold er vesentleg for korleis desse midla skal brukast i forhold til næringslivet. For det første er den direkte støtta til enkeltbedrifter å rekna som risikokapital, for det andre skal ikkje kraftfondmidla nyttast til å dekkja driftsutgifter i enkeltbedrifter eller til sanering av gjeld i bedrifter.

Forsand kommune har utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av kraftfondet innan ramma av standardvedtektene frå KRD.

Evaluering av gjeldande retningslinjer for bruk av kraftfondet

Administrasjonen vil peike på følgjande fire kritiske punkt ved gjeldande retningslinjer/bruk av kraftfondet:

- fondet «lek i begge endar» - for lite heilskapleg fondsforvaltning
- for lite av midla går til direkte næringsutvikling/bedriftsretta støtte
- omgrepet risikokapital har hatt for lite fokus
- betre oversikt – rapportering om status for fondet til fondsstyret

For å ta det siste først – manglande rapportering om status/oversikt av kraftfondet.

Dette er eine og aleine administrasjonen sitt ansvar og skal på plass over sommaren.

Fondet «lek i begge endar» - for lite heilskapleg fondsforvaltning

Dette punktet handlar for det første om at ein god del midlar av årleg ramme går med til innkjøp av ekstern plan- og utgreiingskompetanse t.d. regulering, juridiske utgreiingar, andre utviklingsoppgåver samt diverse medlemsskap i regionale og landsdekkande organisasjonar. Desse kostnadane bør vurderast flytta frå kraftfondet til det ordinære driftsbudsjettet.

For det andre handlar det om «lekkasje» i form av at fondet årleg har ein post som heiter renter/avdrag på lån for tidlegare bygging av næringsbygg på om lag 2 millionar kroner. Når så kommunen sel desse næringsbygga går salssummen til kapitalfondet. Heilskapleg fondsforvaltning betyr at salssummane burde enda opp i kraftfondet som del av den årlege avkastinga saman med konsesjonsavgiftene. Her bør gjerast grep.

For lite av midla går til direkte næringsutvikling/bedriftsretta støtte

Dette punktet heng saman med punktet ovanfor. Dersom me «tettar lekkasjen» vert det meir midlar att til bruk for meir direkte næringsutvikling eller oppbygging av fondet.

Omgrepet risikokapital har hatt for lite fokus

Dette punktet handlar om punkt 5 i gjeldande regelverk – støtte til enkeltbedrifter. Administrasjonen skal vere den første til å beklage at omgrepet risikokapital ikkje har vore nok fokusert i samband med utarbeiding av saksframlegg til fondsstyre. Her trengs det ei presisering i retningslinjene under punkt 5 som slår fast at kvar enkelt søknad frå bedriftene skal vurderast *individuell*t når det gjeld behovet for risikokapital. Ei slik presisering i retningslinjene betyr at administrasjonen i samband med saksbehandlninga bla må førehalde seg til kor vidt det treng å tilførast risikokapital. I tillegg bør det også vurderast kva verdiar og ressursar som tiltaket utløyer for bedrifta i etterkant. Utover dette må ordet *kan* gis meining slik at administrasjon og fondsstyre ikkje nyttar formuleringar som: i samsvar med tidlegare praksis så tilrår ein/vedtar ein slik og slik.

Ovannemnte justeringar vil føre til at saksbehandling vert meir utfordrande, det same gjeld for fondsstyret. Til sist vil justeringa føre til ei anna fordeling av midla som går til bedriftsretta tilskot og risikokapital. Retningslinjene bør justerast som beskrive ovanfor.

Administrativt regelverk for støtte til infrastrukturtiltak i landbruket

Det er administrasjonen sin oppfatning at kommunen har gode støtteordningar for landbruket – og det verkar! Nydyrkingsiver, bygging av landbruksvegar og kjøp av mjølkekvotar er døme på akkurat det. Eit viktig prinsipp her er at støtte gis ikkje til driftsapparat og driftsmidlar, men til driftsgrunnlaget som igjen definerast som infrastruktur for landbruket. Dette prinsippet er også balansert opp mot at andre bedrifter ikkje får støtte til driftsapparat eller driftsmidlar.

Næringa har i prosessen med næringsplanen spelt inn forslag om å vurdere støtte til driftsbygningar i landbruket. Dette som følge av at nye statlege forskrifter fastlegg at det innan 2024 skal vere slutt for båsfjøs og omlegging til lausdrift. Dette inneber store investeringar hjå den enkelte mjølkebonde. Ein ser også at dei sentrale bondeorganisasjonane pressar på statlege styresmakter for at det på eitt eller anna vis bør koma meir statleg finansieringsstøtte for at næringa skal makta gjennomføra ei slik omlegging. Utfordringane gjeld for mjølkebøndene i heile landet og administrasjonen er skeptisk til å opne opp for kraftfondstøtte nå. Her bør ein i første omgang følgje med på kva som kjem av mulege statlege ordningar og som kan avhjelpe på landsbasis. Eventuell støtte til ombygging/nybygg av fjøs vil dessutan bryte med prinsippet om å halde seg til næringsgrunnlaget og ikkje gi støtte til driftsapparat og driftsmidlar. Viser også til balanseringa i forhold til bedriftene som er utanom landbruket. Regelverket bør behaldast uendra.

Regelverk for støtte til spreidd bustadbygging

Dette regelverket er lite nytta, men svært bra for dei få som fører opp bustadar perifert i kommunen. Intensjonen med regelverket er å kompensere noko for meirkostnadar sett i forhold til dei som buset seg i tilrettelagte bustadfelt. Regelverket bør behaldast uendra.

Regelverk om støtte til utbygging av private bustadfelt.

Med den mengd bustadtomter som vil vere tilgjengeleg framover, bør dette regelverket avsluttast.

Konklusjon

Det er administrasjonen sin oppfatning at retningslinjene for bruk av kraftfondet i all hovudsak er bra. Kun mindre justeringar som omtalt ovanfor bør gjennomførast, noko som først og fremst gjer seg utslag for saksbehandling og fondsstyrebehandling. Vidare bør det tas grep i forhold til tapping av fondet grunna for lite heilskapleg fondsforvaltning. Avslutningsvis må statusrapporteringa for fondet til fondsstyret koma på plass omgåande.

Tilråding

Rådmannen legg saka fram for fondsstyre med følgjande tilråding til vedtak:

Fondsstyre vedtar følgjande endringar i retningslinjer for bruk av kraftfondet:

- Punkt 5 – støtte til enkeltbedrifter får eit tillegg om at alle søknadar skal vurderast individuelt og i forhold til behov for risikokapital.
- Posten renter/avdrag i kraftfondrekneskapen vert overført til ordinært driftsrekneskap slik at kraftfondet vert styrka med om lag 2 mill. årleg.
- Administrativt regelverk for støtte til landbruket vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for spreidd bustadbygging vert vidareført uendra.
- Administrativt regelverk for støtte til utbygging av private bustadfelt vert avslutta.
- Saka vert sendt på høyring med høyringsfrist 31.mai 2015

Forsand, 07.05.2015

Søren Jensen
Rådmann

Årstein Løland
Plan- og utviklingssjef



INTERNT NOTAT

Deres ref:

Vår ref:
01/00020-10

Saksbeh:
Årstein Løland,

Arkivkode:
242

Dato:
21.07.2005

RETNINGSLINJER FOR BRUK AV KRAFTFONDET

1. Bakgrunn

Retningslinjene for bruk av kraftfondet er utarbeidd innan rammene av Kommunal og Regionaldepartementet sine standardvedtekter for kommunale kraftfond.

2. Formål

Formålet med kraftfondet er å medverka til næringsutvikling i kommunen. Fondsmidla skal primært nyttast som indirekte støtte til lokalt næringsliv og ikkje som direkte støtte til enkeltbedrifter.

3. Bruk

Fondet skal i hovudsak nyttast til fellestiltak og infrastruktur som kjem deler eller heile næringslivet til gode. Fondsbruken skal fokusera på rammevilkår for næringslivet. Fondet skal nyttast til heil eller delvis finansiering av investeringar. Midlar frå fondet kan nyttast som driftsstøtte til organisasjonar og samarbeidsnettverk utan kommersielle formål. Fondet kan nyttast til å teikna aksjar i selskap som ledd i fellestiltak kommunen ser formålstenelege ut for å få til næringsutvikling. Det er ikkje høve til å subsidiera drift i enkeltbedrifter. Midlar frå fondet kan ikkje gjevast til sanering av gjeld i bedrifter. Kraftfondet skal heller ikkje nyttast til ordinære kommunale driftstiltak.

4. Fellestiltak og infrastruktur

I omgrepet fellestiltak og infrastruktur inngår i prinsippet alt som vedkjem næringslivet sine rammevilkår. Også tiltak med indirekte verknad på næringslivet sine rammevilkår, som t.d. tilrettelegging for bustadformål i privat/offentleg regi, kan tolkast inn under rammevilkår for næringslivet. Nærleggande eksempel er fysiske investeringar i ulike kommunikasjonstiltak, tilrettelegging av felles næringsareal, utleigebygg, felles kai og hamneanlegg, regionalt samarbeid for næringsutvikling, såkalla "mjuke investeringar" som rettleiingsteneste, kompetanseheving, nettverksbygging, samarbeidstiltak, planberedskap, generell marknadsundersøkingar og ulike informasjons- og marknadsføringstiltak. Eksempla er ikkje uttømande.

5. Støtte til enkeltbedrifter

Direkte støtte til enkeltforetak kan gjevast i samband med marknadsundersøkingar og forprosjekt der fondstyret finn at det er potensiale for ei seinare nyetablering. Nyetablering kan også omfatta ny verksemd i allereie etablerte føretak. I samband med nyetablering av verksemd blir det gitt eit etableringstilskot på kr 10.000,-.Fondsstyret kan også vurdere særskild støtte til tiltak ovafor ungdom under 30 år. Støtte til ulike former for arealplanar og utgreiing etter PBL kan etter søknad på førehand gjevast frå kraftfondet, jfr. Formåla i punkt 4. Omfanget av støtta vil bli vurdert i kvart enkelt høve med bakgrunn i planarbeidet sitt omfang, kompleksitet, nivå, usikkerheit og potensiale for næringsutvikling. Støtta vil difor kunna variera frå 25% til 75% av kostnaden med planarbeidet.

Støtte til infrastruktur som t.d. straum, veg, vatn og avlaup kan vurderast i dei høva bedrifta er etablert utanfor kommunalt tilrettelagt næringsareal, eller er avhengig av å etablere seg utanfor kommunalt tilrettelagde næringsareal.

6. Spesielle retningslinjer for støtte til infrastrukturtiltak i landbruket

Tidlegare administrative støtteordningar ovanfor landbruket gjeld inntil vidare.

7. Forvaltning

Formannskapet er fondstyre for alle løyvingar og eventuell aksjeteikning i selskap.

Kommunestyret er fondstyre i ankesakar. Kommunestyret vedtar årsplanar med økonomiske rammer for nærings- og tiltaksarbeidet i samband med godkjenning av økonomiplanen, samt handsamar og godkjenner årsmelding frå fondstyret.

8. Anke

Vedtak i formannskapet som fondstyre har gjort, kan ankast til kommunestyret i samsvar med reglane om klage i kommunelova.

Retningslinjene er vedtatt i kommunestyresak 01/003 i møte 31.01.01.

Retningslinjene gjeld med tilbakeverkande kraft til kommunestyremøte 16.12.00.

Retningslinjene er seinare justert av kommunestyret i sak 01/033 og sak 02/006.

Retningslinjene er justert siste gong i kommunestyret 22/06-05, sak 05/46.

Vedlegg:

Praktiske opplysningar i samband med søknad til kraftfondet:

Søknaden skal innehalde:

- Orientering om søkjaren
- Orientering om kva verksemd ein driv frå før
- Resultatrekneskap frå føregåande år
- Eventuelt kva ny produksjon ein ynskjer å starta opp
- Orientering om prosjektet/tiltaket det blir søkt om støtte til
- Opplysning om kva ein vil oppnå med prosjektet
- Organisering, kostnadar og finansiering
- Søknad skal vera innlevert og behandla før prosjektet blir sett i verk

Har nokon spørsmål i samband med retningslinjene eller ved utforming av søknad, kan sakshandsamar Årstein Løland kontaktast på telefon 51 70 01 27 – mobil 915 44 880 – e-post alo@forsand.kommune.no

